

# Sak til samarbeidsutvalet

---

|                       |                                       |
|-----------------------|---------------------------------------|
| <b>Går til:</b>       | Medlemene i samarbeidsutvalet         |
| <b>Utval:</b>         | Samarbeidsutvalet for Nordhordland    |
| <b>Dato:</b>          | 18. februar 2019                      |
| <b>Sakshandsamar:</b> | Samarbeidssekretariatet (SSE)         |
| <b>Saka gjeld:</b>    | Godkjenning av Handlingsplan for 2020 |
| <b>Saksnummer:</b>    | 03/20                                 |

---

## Bakgrunn

I desember 2019 presenterte Samarbeidssekretariatet(SSE) ein samla statusrapport for arbeidet med felles handlingsplan for 2019 og forslag til ny handlingsplan for 2020 (sak XX/19). Av saka gjekk det fram at erfaringane med ein kort og oversikteleg handlingsplan har vore gode.

I desember møtet var det og høve for Samarbeidsutvala å koma med forslag til endringar av utkastet for handlingsplanen for 2020 og handlingsplanen kjem no ut igjen til endeleg handsaming.

Forslag til handlingsplan for 2020 er sett saman av pågåande tiltak frå handlingsplan for 2019, avtalar som er vurdert/meldt inn at har behov for revisjon og saker som er vedtekne av samarbeidsutvala og som vil krevje ressursar frå partane i året som kjem. Basert på erfaringar frå tidlegare år kan det gjennom året og koma til aktuelle saker som må prioriterast, sjølv om dei ikkje kjem med i handlingsplanen.

Tiltaka i handlingsplanen for 2020 er oppdatert i tråd med vedtak gjort i SU møta i desember.

## Forslag til vedtak

Samarbeidsutvalet for Nordhordland sluttar seg til utkast til Handlingsplan for 2020. Samarbeidsutvalet ber SSE saman med aktuelle parter om å sørge for oppfølging av handlingsplanen.

Vedlegg: Handlingsplan for 2020